

Oppland Senterparti 2011-2015

Eit levande folkestyre

1. EIT OPPLAND FOR FRAMTIDA!

Senterpartiet vil byggje samfunnet nedanfrå! Attraktive og inkluderande lokalsamfunn blir skapte av enkeltmenneske som tek ansvar for sitt eige liv og samtidig bidreg i nærmiljøet.

Oppland Senterparti har ein politikk som lyftar heile Oppland! Fylkeskommunen skal vere ein medspelar for kommunar, bedrifter, organisasjonar og enkeltmenneske som vil utvikle fylket vårt. Vi meiner det er viktig å ha ein god balanse mellom lokalt sjølvstyre og ivaretaking av nasjonale interesser.

Å få alle gode aktørar til å jobbe for felles mål er ei stor utfordring, men vi skal lykkast, med fleire innbyggjarar og arbeidsplassar som resultat. Målet må vere minst 220 000 opplendingar i 2020!

2. KOMPETANSE

Vidaregåande opplæring er fylkeskommunen si hovudoppgåve. Oppland fylke skal tilby opplæring av høg kvalitet! For Oppland Senterparti er det viktig å sikre tett samarbeid mellom foreldre, kommunar, fylke, organisasjonar og næringsliv, for å skape ein skole som spelar på lag med lokalsamfunnet, er meir variert og betre tilpassa den enkelte elev sine evner og interesser både på det teoretiske, og ikkje minst, på det praktiske plan, og som gjer at flest mogleg gjennomfører vidaregåande opplæring.

2.1 Eit godt skuletilbod

Oppland Senterparti vil:

- Oppretthalde ein desentralisert skulestruktur.
- At det med utgangspunkt i elevtalsutviklinga i Lillehammer-regionen blir teke ein gjennomgang av skulestrukturen i regionen.
- Sikre ei god basisfinansiering for dei vidaregåande skulane.
- Jobbe for å opprette studieprogrammet Naturbasert Reiseliv i Oppland.

2.2 Innhaldet i skulen

Oppland Senterparti vil:

- Arbeide for at rådgjevingstenesta i Oppland skal bli landets beste.
- Få til eit betydeleg betre samarbeid mellom ungdomsskole og vidaregåande skule, for å minimere feilval og klargjere forventningar.
- Ha ei gjennomføring på minst 80 % i vidaregåande opplæring.
- Satse på etter- og vidareutdanning av lærarar.
- Halde fram det gode arbeidet med å gje dei elevane som ynskjer det, meir praktisk undervisning og utplassering i ein bedrift eller ein organisasjon.
- Sikre kvalifiserte vikarar i timar der faglærar er borte.
- Gje alle som ynskjer det moglegheit til å delta i Ungt Entreprenørskap.
- Årleg investere 10 millionar i oppdatert utstyr.

- Legge større delar av kjøreopplæringa inn i vidaregåande skule.
- Ivareta internasjonaliseringsarbeid i skulen, blant anna i form av utvekslingsprogram.
- Jobbe opp mot nasjonale myndigheiter for å få til fleire fleksible studieløp.
- Innføre praktiske valfag på studiespesialisering.
- Sikre nødvendige løyvingar til investeringar ved Valle VGS for å gje eit godt og framtidsretta naturbrukstilbod.

2.3 Lærlingar

Oppland Senterparti vil:

- Inngå forplikande samarbeid med kommunar og bedrifter for å auke talet på lærlingplassar i fylket. Alle lærlingkontraktar skal vere klare seinast ved utgangen av VG2.
- Oppretthalde Internasjonalt Servicekontor og gje alle lærlingar som ynskjer det praksis i utlandet.
- Gje betre kursing til rettleiarar for å sikre lærlingplassar med god kvalitet.
- Gje studentrabatt til lærlingar.

2.4 Ein inkluderande skule

Oppland Senterparti vil:

- Bekjempe mobbing gjennom aktivt førebyggjande arbeid og bruk av konfliktråd på kvar vidaregåande skule.
- Tilsetje miljøarbeidarar ved alle skulestader.
- Ha ein bemanningsnorm for skulehelsetenesta basert på elevtale.
- Gje elevane moglegheit til å bruke rom og utstyr også på kveldstid.
- Sleppe til ungdomsorganisasjonar, ungdomsparti og annan engasjert ungdom i skulen.

2.5 Livslang læring

Oppland Senterparti vil:

- Løfte utdanningsnivået i Oppland gjennom tett samarbeid mellom dei vidaregåande skulane, fagskulen, høgskulane, karrieresentra/OPUS, NAV, bedrifter og organisasjonar.
- Sikre Fagskulen i Gjøvik sin posisjon som Noregs mest framtidsretta fagskule.
- Innføre tilskot til studieforbund og auke støtta til Vaksenopplæringsforbundet i Oppland.

2.6 Høgare utdanning

Oppland Senterparti vil:

- Realisere Innlandsuniversitetet.
- Gje alle studentar som bur eller studerer i Oppland studentrabatt på kollektivtrafikk.
- At fylkeskommunen og høgskulane vidareutviklar tilbodet om desentralisert høgskuleutdanning i Oppland.

3. SAMFERDSEL

Det blir satsa på samferdsel og trafikksikkerheit i Oppland og meir må det bli! Vi vil halde fram jobben med å bygge ut infrastrukturen i fylket. Betre kommunikasjon er

positivt for miljø og busetting, og gjer det lettare for næringslivet å skape nye arbeidsplassar.

3.1 Forventningar til Staten:

Oppland Senterparti vil:

- Sikre samanhengande utbygging av E6 gjennom Gudbrandsdalen, firefelts veg frå Biri til Øyer og E16 gjennom Valdres
- Gjennomføre utbygging av Rv4 og Rv35 i tråd med gjeldande NTP
- Satse vidare på breibandsutbygging: auka bandbreidde og tilgang for alle
- Prioritere 6 milliardar kroner i statlege investeringar til Gjøvikbana gjennom Nasjonal Transportplan, for å få stuttare reisetid
- Arbeide for samankopling av Gjøvik- og Dovrebana
- Ha utbygging av dobbeltspora høgfartsbane gjennom fylket vårt, finansiert utanom årlege statsbudsjett
- Vekte jordvernet på line med miljøvernet, og verdsetje grunnavståing høgare enn i dag
- Prioritere rassikring av utsette område

3.2 Fylkeskommunen – ein viktig aktør:

Oppland Senterparti vil:

- Ta igjen vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane.
- Prioritere samanhengande utbygging av Fv33 og Fv34.
- Bygge ut gang- og sykkelveggar til skular, barnehagar og idrettsanlegg.
- Ha ei kollektivsatsing med hyppige bussavgangar i byane og eit heilheitleg system av buss- og bestillingsruter i resten av fylket. Knutepunktsutvikling og samordning med togtilbod er viktig.
- Sikre eit universelt utforma kollektivtilbod.
- Vidareføre satsinga på sykkelby.
- Fryse prisen på Ungdomskortet.
- Ha "Trygt Heim for ein 100-lapp" i alle regionar.
- Innføre kontantfrie bussar i Oppland som gjer det mogleg med billettbetaling via sms, kort og andre elektroniske betalingsmåtar.

4. NÆRINGSPOLITIKK

Oppland Fylkeskommune skal vere ein viktig regional utviklingsaktør, og heilt sentralt er arbeidet med å bevare og skape nye arbeidsplassar. Eit aktivt næringsliv er grunnleggande for utvikling av opplandssamfunnet. Vi treng eit næringsliv med mange små og mellomstore bedrifter som gjev breidde og variasjon i næringslivet og sikrar arbeidsplassar og verdiskaping for framtida. Oppland skal på utvalde område vere i front i utviklinga av eit kunnskaps- og erfaringsbasert næringsliv.

Oppland Senterparti vil:

- Spisse fylkeskommunen sine verkemiddel som næringsutviklar.
- Arbeide for auka kapitaltilgang for kommersialisering av nye idear gjennom det nye næringshageprogrammet, investeringselskap og fylket sitt eigarskap i Innovasjon Norge.
- Satse på forskning og kompetanseheving.

4.1 Reiseliv

Oppland Senterparti vil:

- Arbeide for betre tilskotsordningar til marknadsføring og utvikling av nye reiselivsprodukt.
- Bruke Oppland sin rike natur- og kulturarv til å løfte reiselivet.
- Premiere samarbeid og nettverksbygging innan reiselivet.
- I samarbeid med reiselivet, utvikle relevant utdanning for å sikre kvalitet og nyskaping i næringa.
- Jobbe for eit Norwegian Centre Of Expertise for reiseliv lagt til Oppland.

4.2 Industri

Oppland Senterparti vil:

- Bidra til at Raufossmiljøet utviklar seg som Noregs mest komplette industriklynge.
- Samarbeide med industrien og høgskulane om meir bedriftsretta utdanningar og kortare veg frå ide' til produkt.
- Arbeide for at industrien skal ha stabile og forutsigbare rammevilkår.
- Halde fram arbeidet for å behalde den differensierte arbeidsgjevaravgifta.

4.3 Landbruk

Oppland Senterparti vil:

- Føre ein landbrukspolitik som betrar Norges matvaretryggleik og aukar sjølvforsyningsgraden.
- Ha eit landbruk basert på berekraftig og lokal ressursutnytting.
- Ha ordningar som stimulerer nydyrking og beitebruk.
- Jobbe for ein variert bruksstruktur i heile Oppland.
- Gje tydelege og ambisiøse innspel til jordbruksforhandlingane med særleg vekt på inntektsutvikling, investeringsbehov og miljø.
- At produksjon av mat skal ha hovudfokus innan landbruk, og at tilleggssatsingar skal nyttast for å utnytte garden og menneska sine ressursar best mogleg.
- Leggje til rette for produksjon av spesialkvalitetar med høgare pris.
- Ha respekt for eigedomsretten og bidra til forutsigbarheit.
- Ha fornuftig bruk framfor vern.
- Satse på hest i næring.
- Sikre politiske rammevilkår som gjer landbruket til ein stor produsent av fornybar energi.
- Jobbe tettare saman med foredlingsindustrien i fylket for å vidareutvikle både landbruket og arbeidsplassane knytte til heile produksjonskjeda.

Rekruttering og utdanning

Oppland Senterparti meiner at:

- Det må opprettast fleire utdanningstilbod som gjer det mogleg å oppnå både studiekompetanse og agronomutdanning.
- Aktive bønder treng tilbod om kontinuerleg kompetanseheving for å kunne vidareutvikle bedrifta si og møte nye krav frå det offentlege, forbrukarane og samfunnet elles.

- Det må utviklast eit skuletilbod på fagskulenivå innan landbruk, entreprenørskap og landbruksbasert næringsutvikling.
- Odelsloven må behaldast.
- Reglane om prisregulering av landbrukseigedom må fremje busetjing og drift over heile fylket.
- Bu- og driveplikt etter konsesjonsloven må oppretthaldast og praktiserast med forutsigbarheit og likskap.

5. FOLKEHELSE

Fylkeskommunen har eit lovpålagt ansvar for folkehelse, og må vere ein koordinator og pådrivar for sektorovergripande folkehelsearbeid regionalt og lokalt.

Folkehelsa påverkar kvardagen vår og vi må prioritere førebyggjande folkehelsearbeid i staden for reparasjon. Auka satsing på folkehelsearbeid løner seg. Sunt kosthald og fysisk aktivitet er viktige faktorar, men minst like viktig er ei god, psykisk helse. Eit lokalsamfunn med sosiale nettverk der friviljuge lag og organisasjonar fungerer godt er viktig for det heile mennesket. Gode helsetenester nærast mogleg der du bur og eit godt samspel mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta er avgjerande for tryggleik og trivsel. Samhandlingsreforma må bli ein folkehelsereform!

Oppland Senterparti vil:

- Prioritere bygging av gang- og sykkelveggar i samband med skular og idrettsanlegg.
- Sikre grøntområde i utbyggingsområde.
- Vri bruken av spelemidlar over frå nye, store idrettsanlegg til vedlikehald av eksisterande anlegg og aktivitetstiltak i regi av ideelle, friviljuge og private lag og foreiningar som driv innanfor folkehelsearbeidet.
- Ha meir fysisk aktivitet i den vidaregåande skulen og sunn mat i kantina..
- Ha universell utforming i alle fylkeskommunale bygg.
- Sikre folkevald styring av spesialisthelsetenestene og sjukehusa.
- Satse vidare på FYSAK.
- Støtte opp om frivillig arbeid gjennom lag og organisasjonar.
- Sikre allemannsretten til friluft- og naturområde.

6. KULTURPOLITIKK

Kultur er ei drivkraft og ei kjelde til livsglede. Det femnar vidt og er med og bygger identitet og kjennskap til eiga historie. Både profesjonelle og amatørar er viktige for å få eit mangfaldig kulturliv. Fylkeskommunen må sikre ein balanse mellom desse gruppene. Alle er amatørar i utgangspunktet og treng å vekse og gro i eit lokalmiljø før dei kan ta steget opp på profesjonelt plan.

Det er viktig med gode arenaer for kultur. Friviljuge lag og organisasjonar og kulturskulen har ei viktig rolle innan kultur. Kulturskulen både som læringsarena, men også som ein kulturarbeidsplass.

Kulturminnevernarbeidet må vere systematisk og formålstenleg. Vi kan ikkje frede alt, men må sikre at vi tek vare på historiske minnesmerke for framtidige generasjonar. Vern og freding må ikkje bli til hinder, men heller til hjelp innan næringsutvikling.

Oppland Senterparti vil:

- Gje mest mogleg av den offentlege støtta til kultur på lokalt plan.
- Arbeide for at musikk- og scenekunstheltet har tilgang til gode og tilpassa lokale til øving og konsertar.
- Sikre amatørfeltet innan scenekunsten i Oppland midlar til utvikling.
- Ha meir politisk styring over kulturmidla i fylket.
- Utvikle partnerskapet med festivalar og andre kulturarrangement.
- Arbeide for meir statleg støtte til det kulturelle Oppland.
- Betre og forenkla situasjonen for eigarar av freda kulturminne og kulturmiljø, ikkje minst økonomisk.
- Sikre kunnskap om handverks- og kunsttradisjonar.
- Utvikle musea i Oppland og bruke dei aktivt i undervisning av elevar i grunnskulen og vidaregåande skule.
- At staten skal ta kostnaden ved utgraving og kartlegging av kulturminne i område som skal byggjast ut i regi av det offentlege.

6.1 Idrett

Å satse på idrett er å satse på folkehelsa! Idretten i Oppland skal ha anlegg og vilkår som gjer det mogleg å satse både på breidde- og toppidrett.

Oppland Senterparti vil:

- Bruke noko av tippemidla til vedlikehald av eksisterande anlegg.
- Gje støtte til regionale, nasjonale og internasjonale arrangement.
- Samarbeide tett med idrettens eigne organ i fylket.
- Aktivt sørgje for å vidareføre etterbruksfondet for OL-anlegga.

6. 2 Frivilligheit

Dugnadsånd og frivillige organisasjonar skapar arenaer for aktivitet og samhald i nærmiljøet. Frivillig sektor bidreg med frivillig arbeidsinnsats tilsvarande over 100 000 årsverk. Senterpartiet vil leggje til rette for at organisasjonane skal kunne bruke mest mogleg av tida til kjerneverksemd og ikkje på søknadsskriving.

Oppland Senterparti vil:

- Ha full momsrefusjon av vare- og tenestemoms for frivillige organisasjonar knytt til Frivilligregisteret.
- Gje mest mogleg av den offentlege støtta til frivillige organisasjonar gjennom grunnstøtte eller frie driftsmiddel.

7. KLIMA OG ENERGI

Det er viktig å bygge opp under framtidens miljøpolitikk. Vi må redusere energiforbruket og produsere meir rein energi. Oppland har store moglegheiter når det gjeld auka produksjon av vass-, bio- og vindkraft. Teknologitvutvikling i skjæringspunktet mellom miljø og energi bør bli eit av våre satsingsområde.

Oppland Senterparti vil:

- Jobbe for eit klimanøytralt Oppland.
- Auke kollektivtilbodet i byane.
- Lage ein handlingsplan for utbygging av infrastruktur for miljøvennleg drivstoff.
- At alle nye bu- og næringsområde blir tilrettelagt for alternativ energi.
- At det i alle nye offentlige bygg blir lagt til rette for miljøvennlege oppvarmingssystem.
- Utvikle fylkets klima- og energiplan med regionvise tiltak og mål, og samarbeide tett med kommunane om gjennomføringa.
- Samarbeide med kommunane i Oppland om meir kjeldesortering og materialgjenvinning.
- Aktivt bruke eigarskapet i Eidsiva Energi for å ta betre vare på innbyggjarane sine behov i Innlandet.

8. MILJØPOLITIKK

8.1 Bruk og vern

Senterpartiet vil arbeide for ei berekraftig forvaltning av ressursane med sterkare kommunal styring bygd på lokal kompetanse. Langsiktige omsyn til naturgrunnlag og miljøet skal overordnast andre, meir kortsiktige omsyn. Fornuftig bruk er ofte det beste vern. Verna areal treng gode forvaltningsplanar for å sikre god skjøtsel og opning for lokal bruk. Reiseliv og landbruk må gjennom sin bruk kunne bli ein ressurs for vernet.

Oppland Senterparti vil:

- Konsentrere innsatsen om å skjømte det arealet som alt er verna, framfor å verne nye område.
- Utvikle verneområda til ein ressurs for lokalsamfunna.
- Leggje til rette for næringsverksemd og rekreasjon i og rundt verneområda, særskilt i randsonene.
- At det skal skiltast og leggest til rette for friluftsliv.
- At jordvern skal få ei like sterk stilling som naturvern.
- Opprette eit nytt fylkeskommunalt styre for miljø og landbruk.
- Ta vare på det tradisjonelle kulturlandskapet med stort artsmangfald.

8.2 Rovdyr

Det er viktig å auke tilliten til rovviltforvaltninga og å få denne under reell politisk kontroll. Forvaltninga må bygge på berekraftig utnytting av utmarksressursane og sikre god dyrevelferd.

Oppland Senterparti vil:

- Ha ei rovviltforvaltning som gjev rom for utmarksbasert verdiskaping, friluftsliv og attraktive bumiljø i heile fylket.
- Sikre betre kvalitet på bestandsregistreringa.
- Ikkje ha ynglande ulv og bjørn i Oppland.
- Redusere bestandsmåla for rovdyr.
- Delegere retten til å gje skadefellingsløyve frå Fylkesmannen til kommunane.
- Legge hovudansvaret for rovviltforvaltninga til dei regionale rovviltnemndene.
- Sikre rettferdige erstatningsordningar.

- At naudvergeretten skal ha same innhald ved fare for skade på person, hund og bufè, slik at den kan nyttast før eit direkte angrep.

8.3 Vassdragsforvaltning

Oppland Fylkeskommune har ansvar for forvaltninga av vassdraga og dei må forvaltast med omsyn til både naturmiljø og ressursutnytting.

Oppland Senterparti vil:

- Ha ein mest mogleg ubyråkratisk gjennomføring av det nye vassdirektivet og sikre vassdraga mot forureining.
- Vere positive til utbygging av mikro-, mini- og småkraftverk, spesielt i allereie regulerte vassdragsområde.